

# Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyrekontoret, Ulvik

Dato: 18.02.19

Klokkeslett: 18.00 – 21.00

## Tilstades på møtet

### **Medlem:**

Knut Sygnestveit  
Stig Yngve Røkenes  
Atle Ulgenes  
Ingrid Sponheim  
Lars Helge Ljone

### **Sekretær:**

Harald Normann Andersen

**Sak 01/19 Referat og meldingar**

**Sak 02/19 Årsrekneskap og årsmelding 2018**

**Sak 03/19 Budsjett 2019**

**Sak 04/19 Årsplan 2019**

**Sak 05/19 Regulering av prisar ( fiske, småvilt- og villreinjakt )**

**Sak 06/19 Forvaltningsmodell for Hardangervidda NP og framlegg til ny modell**

**Sak 07/19 Varsel om oppstart av detaljregulering med konsekvensutgreiing for fritids-  
bustader på Finse i Ulvik herad**

**Sak 08/19 Info frå dagleg leiar**

**Sak 09/19 Hytta som Statnett eig ved Kvilinganutvatnet**

**Sak 10/19 Vedkomande scooterløyve gjeve av Ulvik herad**

## Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit Stig Yngve Røkenes Atle Ulgenes Lars Helge Ljone Ingrid Sponheim

## **Kopi til**

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

## **Sak 01/19 Referat og meldingar**

### **Saksdokument:**

2018.11.26-1.4.0. Møtebok dialogmøte fellesfiskekort  
2018.11.25-612.9.Felling av villrein sone 2. Brev frå Vagleik Tjoflot, Astrid Ettestad og Gjert Nilsen  
2018.11.28-612.9.Brev til Osa private fellesområde ved Hallingskeid - Samjakt  
2018.11.28-612.9.Framlegg til ny samjaktavtale med Osa private fellesområde ved Hallingskeid  
2019.01.11-011.3.Utkast til høyringsuttale ny fjellov NFS 051218  
2019.01.10-001.2.Hardangervidda forvaltningsordning FMHO 01.10.2018  
2019.01.21-362.0.Varsel om oppstart av detaljregulering med konsekvensutgreiing for fritidsbustader på Finse i Ulvik herad  
2019.01.22-012.1.Møtebok Ullensvang fjellstyre 21.01.19  
2019.01.28-612.3.Klage på vedtak om godkjenning av øvingsplan for scooter, Hordaland Røde kors Hjelpekorps  
2019.01.31-612.3.Beslutning om supplerende uttak av 55 vilreinbukker for CWD prøvetaking i Nordfjella sone 2  
2019.02.04-434.4.Scooterløyve Kjartan Steine  
2019.02.04-434.4.Scooterløyve Ove Henry Sævartveit  
2019.02.06-434.4.Scooterløyve Ivar Osa

### **Framlegg til vedtak:**

Styret tok orienteringa til vitande

### **Vedtak:**

Samrøystes

## **Sak 02/19: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2018**

### **Saksdokument:**

Årsrekneskap for 2018  
Balanse 2018  
Årsmelding 2018

### **Saksutgreiing:**

Driftsresultat for 2018 syner eit underskot på kr 27.534,84,-. men resultatet ser betre ut med eit underskot på **7.724,84,-** etter renteinntekter på 19.810,00,-.

### **Framlegg til vedtak:**

Årsrekneskapen for 2018 vart godkjend under føresetnad om godkjenning frå revisor. Årsmelding vart og godkjend.

### **Vedtak:**

Samrøystes

## **Sak 03/19 Budsjett 2019**

### **Saksdokument:**

Budsjett 2019

### **Saksutgreiing:**

Budsjettet er lagt fram med føresetnad om auke i villreinkvote på Hardangervidda frå 1500 løyve i 2018 til 7000 løyve i 2019 samt tilskot til byting av kledning på Søre Grøndalshytta, solcelleanlegg på Ripsebu,, Dyrahola og Søre Grøndalshytta. Det er og budsjettert med noko auke på hytteinntekter. Budsjettet for 2019 var gjort opp med om lag 5.800,- i pluss før finansinntekter.

### **Framlegg til vedtak:**

Budsjett for 2019 vart godkjend med dei justeringane som vart gjort under møte.

### **Vedtak:**

Samrøystes

## **Sak 04/19 Årsplan 2019**

### **Saksdokument:**

Årsplan 2019

### **Saksutgreiing:**

Dagleg leiar har sett opp ein årsplan for tiltak planlagt gjennomført i 2019. Planen er førande, og tid for gjennomføringa av tiltaka kan avvike noko. Større oppgåver i 2019 er montering av solcelleanlegg på 3 av hyttene til fjellstyret. Dette er gjennomført. Av andre oppgåver prioritert i vinter er byting av kledning på Søre Grøndalshytta, byte to glas i Ripsebu, transport av ved og bos, samt brannvernkontoll og generelt tilsyn på husværa. Prioriterte oppgåver seinare i år vert beising av Finsebu, ferdigstille Rundavassbu, samt fiske- og småviltoppsyn.

### **Framlegg til vedtak:**

Styret ynskte å utsetje opprettinga av naustet ved Kvilinganutvatnet til neste år, og heller prioritere å få sett i stand Rundavassbu. Her må det drenerast vatn vekk frå bua samt montere ei form for lufting som fungerer. Elles vart den førande årsplanen godkjend.

### **Vedtak:**

Samrøystes

## Sak 05/19 Regulering av prisar ( fiske, småvilt- og villreinjakt )

### Saksdokument:

Ingen

### Saksutgreiing:

#### Fiske:

Her er det forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som er førande for prissetjinga. Direktoratet fastset maksprisar for kva ein kan ta for fiskekort på Statsallmenning. Pristaket for innlandsfiske er fram til 2021:

Dagskort: 100,-

Vekekort: 350,-

Sesongkort: 700,-

I dag er Ulvik FS med på fellesordning saman med Røldal, Ullensvang og Eidfjord. Her kostar årskort 1000 og vekekort 500. Prisane på fiskekort vart justert i 2018, og er no komen opp på makspris som Direktoratet

har fastsett. Frå og med 2018 har Ulvik FS desse prisane: dagskort 80,-, 2 dagarkort 150,-, 3 dagarskort 200,- vekekort: 320,- og sesong 500,-. Prisen på fellesfiskekortet vart og auka i 2018 til 500,- for vekekort og 1000,- for årskort.

Prisane er for fiskekort er no komen opp på makspris som Direktoratet har fastsett fram til 2021 så dei må være uforandra fram til ny makspris vert justert.

Sakshandsamar føreslår at prisane på nokre kategoriar vert auka for 2019 sesongen vert auka til makspris:

Dagskort: 100,-

2 dagarskort: 150,-

3 dagarkort: 250,-

Vekekort: 350,-

Årskort: 700,-

Same pris for innan- og utanbygds.

Sesongkort for garnfiske innanbygds (gjeld også som sesongkort for stongfiske) vert foreslått auka frå 300,- til 400,-.

#### Villreinjakt:

Gjeldande prisrammer for utanbygds er:

Fritt dyr: 6500,-

Simle/ungdyr: 3400,-

Kalv: 1600,-

Dagens prisar:

Fritt dyr: 3800,-

Simle/Ungdyr: 2400,-

Kalv: 1200,-

Sakshandsamar tilrår at prisane for komande år vert uforandra da det vart gjort ei forsiktig justering førre året. Framlegg til prisar for inneverande år:

Fritt dyr:	3800,-
Simle/Ungdyr:	2400,-
Kalv:	1200,-

Halv pris for innanbygds.

#### Småviltjakt:

Gjeldande prisrammer for småviltjakt:

Dagskort:	250,-
5-dager kort:	1000,-
Vekeskort:	1400,-
Sesong:	2300,-

Prisane for Ulvik SA var for 2018:

Dagskort:	250,-
Vekeskort:	1000,-
Sesong:	1500,-

Etter fem år med freding vart det igjen opna for småviltjakt i Ulvik SA hausten 2018. Prisane vart regulert opp frå tidlegare nivå før jaktstart. Prisane bør difor ikkje justerast opp før komande haust, og vert uforandra::

Dagskort	250,-
Vekeskort:	1000,-
Sesongkort:	1500,-

Halv pris for innanbygds

#### **Framlegg til vedtak:**

Styret ynskte ikkje å auke prisen på årskort og garnfiskekort for innanbygdsbuande. Prisane vert difor dei same som førre året. Prisane på småvilt vert uforandra i høve fjorårets prisar. Om det vert reine bukkekort under villreinjakta til hausten må prisane for denne kategorien reduserast sidan ein ikkje kan felle andre dyr på desse løyve. Styret vedtok desse prisane for reine bukkekort:

1 bukk :	1.500,-
2 bukkar :	2.700,-
3 bukkar:	3.700,-

Dobbel pris for utanbygdjegerar.

#### **Vedtak:**

Samrøystes

## **Sak 06/19: Forvaltningsmodell for Hardangervidda NP. Framlegg til ny modell**

### **Saksdokument:**

Vurdering av dagens forvaltningsmodell for Hardangervidda NP og framlegg til ny modell

### **Saksutgreiing:**

I desember 2019 inviterte Miljødepartementet vertskommunane i norske nasjonalparkar til å overta Forvaltninga av nasjonalparkane ved å opprette interkommunale nasjonalparkstyre. Endringa ville ikkje berre gjere forvaltninga av desse verneområda lokalt styre, men ville og tilføre forvaltninga vesentlege større økonomiske ressursar.

I dag har alle nasjonalparkar i fastlands- Noreg gått inn på denne ordninga med unntak av Hardangervidda. 5 av dei aktuelle kommunane kring Hardangervidda - Ulvik, Hol, Rollag, Vinje og Tinn – var positive til framlegget frå 2015. Dei 4 andre – Eidfjord, Ullensvang, Odda og Nore og Uvdal – var i varierende grad kritisk. Alle kommunane va godt nøgde med den forvaltningsordninga ein hadde for Hardangervidda, og kunne ikkje sjå den standard forvaltningsmodellen som departementet ville innføre var betre. Dei kritiske kommunane meinte at modellen var for ambisiøs for eit område som Hardangervidda, og dei kunne i alle fall ikkje gå inn for framlegget utan ei spesifikk utgreiing.

Ordførarutvalet for Hardangervidda oppmoda i 2015 fylkesmennene om å evaluere den eksisterande ordninga. Denne rapporten presenterer resultatane frå denne evalueringa. Fylkesmennene har og fått i oppdrag av Klima- og miljødepartementet om å vurdere om det er grunnlag for å gå over til same forvaltningsmodell som alle andre norske nasjonalparkar no.

Evalueringa konkluderer med at dagens forvaltningsmodell fungerer om ein berre ser på korleis søknadar om dispensasjon frå verneforskrifta vert handtert. Arbeidsdelinga mellom tilsynsutval og fylkesmenn fungerer og bra sjølv om regimet kan vere vanskeleg å få oversyn over for utanforståande, handsaminga er god og forvaltningsinstansane utfyller kvarandre. Det er visse regionale skilnader i praktiseringa av regelverket, men desse er i stor grad forårsaka av ulik historisk bruk og eigedomsstruktur. Det er like fullt eit faktum at forvaltninga av denne nasjonalparken er prega av fragmentering og stor mangel på kapasitet, som igjen har si årsak i avgrensa økonomiske ressursar. Hardangervidda kan verta tilførd auka økonomiske ressursar frå staten på nivå med andre nasjonalparkar, men då er det ein føresetnad at standard forvaltningsmodell vert innført også her.

Rapporten konkluderer soleis med ei tilråding om standard forvaltningsmodell for norske nasjonalparkar vert den framtidige forvaltningsmodellen og for Hardangervidda. Det inneber mellom anna at fylkesmennene trer til sides i forvaltninga, og tilsynsutvala vert oppløyste. I staden får ein eit nasjonalparkstyre med ein representant frå kvar vertskommune, og tilsvarande ein representant frå kvar fylkeskommune. Det kan vert aktuelt å ta med ein representant kvar frå Hardangervidda grunneigarsamskipnad og Fjellstyra på Hardangervidda. Slik at eigar og brukarar vert direkte representerte, men i utgangspunktet rår fylkesmennene til at dette vert eit reint politisk styre. Fylkesmennene tilrår at det vert oppretta eit sekretariat med minst tre statleg tilsette nasjonalparkforvalterar – ein i kvart fylke – og at det dessutan vert etablert rådgjevande utval i kvart fylke, mellom anna for å sikre at forvaltningsapparatet har god tilgang til lokal kunnskap.

Ordninga kan berre innførast om vertskommunane gir tilslutning til framlegget.

Rapporten vart lagt fram for ordførarutvalet på møte på Skinnarbu 10. januar 2019 og er eit grunnlag for vidare diskusjon om forvaltningsmodellen.

Rapporten er ikkje sendt ut på høyring, så det er ikkje lagt opp til at Ulvik fjellstyre no skal koma med uttale. Det er likevel viktig at fjellstyre er kjend med innhald og konklusjonen i rapporten, og at Fylkesmennene i Buskerud, Telemark og Hordaland arbeider med å få til ein forvaltningsmodell for Hardangervidda NP på lik linje med dei andre nasjonalparkane i Noreg.

**Framlegg til vedtak:**

Styret tor informasjonen om ny forvaltningsmodell til vitande

**Vedtak:**

Samrøystes

**Sak 07/19 Varsel om oppstart av detaljregulering med konsekvensutgreiing for fritidsbustader på Finse i Ulvik herad**

**Saksdokument:**


Framlegg til planprogram for « Detaljregulering med konsekvensutredning for fritidsbustader på Finse, g/bnr 38/13 m.fl».

**Saksutgreiing:**

Ulvik fjellstyre fekk på e-post 21.januar eit varsel frå Link arkitektur AS om oppstart av detaljregulering med konsekvensregulering for fritidsbustader på Finse i Ulvik herad. Varselet er gjort med heimel i plan- og bygningsloven § 12 -8 på vegne av forslagsstillar som er Bane Nor Eigedom. Planarbeidet omfattar delar av eigedomane gnr. 38 bnr. 1, 13 og 31. Føremålet med plan arbeidet er å regulere to tomter på 7,9 og 2 dekar til fritidsbustader. Etter samråd med kommunen omfattar området både planovergang og mogleg åtkomst til tomta.

Formannskapet vedtok i sak 006/19 den 16. januar 2019 å legge planprogrammet ut til offentleg ettersyn med **dok.nr. 17/135**. Føremålet med varslingsbrevet er å få flest mogleg innspel til planarbeidet på eit tidleg tidspunkt. Etter gjennomført høyring skal kommunestyret fastsetje planprogrammet og med det endeleg utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga.

Planen skal legge til rette for 4 rekkehus nær Rallarmuseet, på nordsida av jernbanen, og eit leilegheitsbygg ved vatnet, som vil falle inn i samanhengen med bygningar mellom jernbanen og vatnet, inkl. hotellet Finse 1222, sjå figur under. Planprogrammet seier ikkje noko om bueiningar, og om den tenkte bruken av bygningane, men det vil verte fleire bueiningar i kvar bygning, og med det ei intensiv arealutnytting.



Figur 2: Situasjonsplan. Illustrasjon: Jarmund / Vigsnæs arkitekter AS.

Finse er lokalisert på grensa mellom Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde. Dette var tidlegare eit samanhengande leveområde for rein, men Bergensbanen danna ei så sterk trekkbarriere at reinen hhv. sør- og nord for bana vart delt opp i to stammer. Dette kan ein sjå att i genetiske undersøkingar (sjå t.d. fig. 3.4.1, s. 82 i NINA rapport 1400, Miljøkvalitetsnorm for villrein, (Kjørstad et. al. 2017)). Nokre plassar har det gått føre seg sporadiske trekk over jernbanen, men då Finsetunnelen kom vart den viktigaste trekkbarrieren mellom områda vekke på ei strekning over 2 km. Reinen har etter kvart teke dette trekket i bruk att, og ein ser at rein med hovudopphald i Nordfjella, reiser over tunneltaket og nyttar seg av områda nord på Hardangervidda, dette særleg om hausten og vinteren.

**Finse biotopvernområde** vart oppretta m. a. for å verne om trekket over Finsetunnelen, og hindre at menneskeleg bruk av området kunne øydelegge den no frie passasjen.

Rallarvegen har høg ferdsel sommar og haust og den utgjer ei sterk trekkbarriere for rein. Ein har ikkje kryssingar i tida med trafikk. I periodar med dårleg vær der folk ikkje har nytta vegen har ein sett einskilde kryssingar medan vegen har vor open for trafikk

**Reguleringsplan for Finse-Låghjeller** er oppretta for å dempe konflikten med menneske i den kritiske sona der Finsetunnel-trekket passerer Rallarvegen. Det er telteforbod på strekninga, og det er bestemt at ein ikkje skal opne vegen før naturen sjølv smelter den fram. Det siste har vore svært omstridt, og det er gjevne dispensasjonar og freista med prøveprosjekt dei seinare åra, då sein



opning av vegen skapar eit tap for reiselivsbedriftene på Finse og i Aurland. Å tillate utviding av Finse som ferie- og fritidssamfunn vil verke mot dei gode effektane me har hatt og kan ha av desse konfliktdempande «spesialplanane».

Sidan 2007 har det gått simler med gps-sendar i Nordfjella, der ein del av desse har også nytta areal nord på Hardangervidda. Om ein samanliknar dyr som har gått kring Hallingskarvet og dyr som har kome inn på Hardangervidda-nord nær Finse og Hardangerjøkulen om vinteren, ser ein tydeleg ulikskap i kor lenge dyra held seg i ro, og kor langt det er mellom GPS-plott (posisjon vert oppgitt med 3 timars mellomrom). Det er tydeleg at dyr vert oftare skremde og legg ut på lang flukt på Hardangervidda-nord.

Ein stor del av ferdsla frå Finse går også nordover og inn i Hallingskarvet nasjonalpark. Det vert skapt ein barriere aust-vest som reduserer dyra sine trekk, og med det fri tilgang til beiteområda.

Finse har ein enorm attraksjonsverdi. Det ligg i hjartet av noko av den flottaste naturen Noreg kan tilby, omringa av nasjonalparkar og landskapsvernområde. Finse har eit ugjestmildt vær og klima, men det byd på fasinerande og vakre scener og utfordringar for den som vil teste sine grenser opp mot naturkreftene. Med enkel tilkomst, der ein kan gå av toget og berre være i fjellnaturen, utan å anstrenge seg for å kome dit, er plassen endå meir tiltrekkande.

Ulvik Herad har gjennom tidlegare planar skjerma Finse og fjellområda omkring mot å få for høg ferdsel, og har halde talet på fritidsbustader lågt, og kapasiteten for overnattingsbedrifter på eit stabilt og nøkternt nivå. Desse prinsippa er bevisst valde av Ulvik Herad for å ta vare på sårbar fjellnatur og leveområde for fjellrev og villrein. Heradet har i stor grad prioritert naturverdiane i fjellet framfor næringsvekst i dei sakene der desse interessene har kome i konflikt. Om sommaren er det høg ferdsel langs Rallarvegen, i hovudsak frå syklistar. Ferdsla i fjellet elles er meir moderat, og held seg i stor grad innanfor oppmerkte stiar i DNT sitt rutenett. Villrein er ein viktig del av dei omsyna som ligg bak den konservative forvaltinga av Finse. Dette av di villrein er ein art som er særleg sårbar for menneskeleg ferdsel.

### **Om planprogrammet:**

Under gjennomgang av overordna planar som legg føringar på området vert Regionalplan for Hardangervidda nemnd.. Det er sett inn eit kartutsnitt frå kart over Hardangervidda som leveområde for rein (sett inn i figur under), henta frå plandokumentet, men sjølv plankartet er ikkje vist. Temakartet syner den viktige utvekslingssona mellom Nordfjella og Hardangervidda som går over Finsetunnelen. Regionalplan for Hardangervidda grensar mot stasjonsområdet på Finse, men sjølv Finse er ikkje inkludert i planen.

Regionalplan for Nordfjella med Raudafjell vedteken i 2014 som inkluderer Finse er ikkje teken med i planprogrammet. Finse er her avsett som «stasjonsstad». Innanfor arealkategorien stasjonsstad skal kommunen kunne ha høve til «forsiktig fortetting». Ulvik fjellstyre meiner tiltaket ikkje kan tolkast som ei «forsiktig fortetting».

### 5.2.6 Regional plan for Hardangervidda 2011-2025

«Hovedformålet med fylkesdelplanen er å komme fram til en langsiktig og helhetlig strategi for bruk av arealer som er viktige leveområder for villreinen eller påvirker villreinens leveområder. Særlig sentralt vil det være

- å sikre villreinen tilstrekkelige leveområder og langsiktig gode livsvilkår
- å sikre lokalsamfunnene rundt Hardangervidda gode muligheter for nærings- og bygdeutvikling
- å legge til rette for friluftsliv og naturbasert næringsliv»

«Røde piler viser trekk som er viktige for utveksling mot andre nasjonale villreinområder, og trekk med særlig fokus pga. trekkbarrierer. Reinen har viktige trekk for utveksling mot Nordfjella vest for Finse i Ulvik [...]:



Figur 34. Utsnitt frå Regional plan for Hardangervidda med lokalisering av planområdet.

#### *Utsnitt frå planprogrammet.*

I utgreiingsprogrammet er tema naturmangfald sett opp som eige tema. Ei konsekvensvurdering av verknadane for villrein lyt ha både Nordfjella sone 2 og Hardangervidda nord for Rv 7 og dessutan Raudafjell som influensområde, og ein lyt få fram korleis auka aktivitet i Finseområdet vil påverke reinen sin arealutnytting, trekkmoglegheiter og tilgangen på vinterbeite. Det er og viktig å få fram at trekket mellom Nordfjella og Hardangervidda er vurdert som nasjonalt viktig, då det bitt saman vesentlege delar av Langfjella, det vil seie det tidlegare samanhengande leveområdet for rein som i dag er delt opp i fire villreinområde; Setesldal-Austhei, Setesdal-Ryfylke, Hardangervidda og Nordfjella. Det er eit overordna nasjonalt og internasjonalt mål å *reduere* barrierane mellom desse områda. Infrastruktur og menneskeleg ferdsel er dei største stengsla mellom områda.

Ulvik fjellstyre fryktar i likskap med Villreinnemnda i Nordfjella ein uheldig presedens av denne saka. Det er fleire aktørar som har eit sterkt ynskje om å auke sengekapasitet på Finse for å kunne utvide sin aktivitet, om ein opnar for ei utbygging som skissert i oppstartsvarselet vil nye utbyggingssaker fort fylgje på.

Ulvik fjellstyre ynskjer ikkje auka aktivitet med utgangspunkt i Finse da dette vil auke reinen sin belastning frå menneskeleg ferdsel. Det er svært stor fare for å skjære av trekkruiter eller føre menneske inn i område der reinen treng ro. Dyra er særleg sårbare om vinteren, og i april når dei vil på trekk frå vinterbeite mot kalvingsland. Finse ligg midt i sårbar fjellnatur, og villreinen er ein av artane som er mest sårbare i høve til uroing frå menneske.

Om ein tillet denne form for utbygging av fritidsbustader på Finse har ein vike frå dei prinsippa som har lege til grunn for Ulvik Herad si ansvarsfulle forvaltning av Finse, som og låg til grunn for gjeldande Reguleringsplan for Finse. Tiltaket vil være første steg i ei kommersialisering av Finse. Det vil skape høgare ferdsel i nasjonalparkar og landskapsvernområde med delmål om å ta vare på leveområda til villrein og minske den positive effekten av Finse biotopvernområde. Det vil stride i mot nasjonale føringar og internasjonale forpliktingar i høve til ivaretakinga av vill Europeisk rein, der Noreg bærer eit svært stort ansvar.

#### **Framlegg til vedtak:**

Ulvik fjellstyre støtter uttala til Villreinnemnda i Nordfjella, og ynskjer på bakgrunn av momenta i saksutgreiinga ikkje at Bane Nor Eigedom skal få regulert to tomter på hhv. 7,9 og 2 dekar på Finse til fritidsbustader.

#### **Vedtak:**

Samrøystes

### **Sak 08/09 Info frå dagleg leiar**

#### **Saksdokument:**

NOU 2018: 11- Ny fjellov. Presentasjon frå NFS, Jan Borgnes

#### **Saksutgreiing:**

Fjelloppsynet og NFS arrangerte fagdagar og samling med tema «Ny fjellov» 23-25. januar på Hell. Dagleg leiar i NFS, Jan Borgnes hadde eit innlegg der moment til Ny fjellov var:

1. Status og prosessen til no
2. Strategiske vurderingar
3. Gjennomgang av skisse til høyringsuttale
4. Diskusjon og innspel  
Konklusjon og vegen vidare

Dagleg leiar oppsummerar momenta i innlegget til Jan, samt gjennomførte tiltak i statsallmenningen til no i vinter. Det vert og ein gjennomgang av møte som Steinar Lund og underteikna hadde med Inatur på Hell i forkant av samlinga.

**Framlegg til vedtak:**

Styret tor orienteringa til vitande

**Vedtak:**

Samrøystes

**Sak 09/19 Hytta som Statnett eig ved Kvilinganutvatnet****Saksutgreiing:**

Statnett har gjort ein gjennomgang av driftsbygg med den hensikt å få ein oversikt over bygga sin tilstand og for å vurdere bygga er egna for Statnett sine behov. Resultatet av gjennomgangen syner m.a. at det er hensiktsmessig for dei å avhende seg med sikringsbua Grjotrust sør-aust for Inste Kvilinganutvatnet. På bakgrunn av dette Statnett på om det er interessant for Ulvik fjellstyre å overta denne hytta. Når det gjeld overdragelsen meiner Statnett at Ulvik fjellstyre tar over eigedomsretten kostnadsfritt, men at Statnett beheld bruksrett til eventuelle beredskapssituasjonar. Bygget står pr. i dag på statsgrunn der Statskog er grunneigar. Det vert difor ein tett dialog mellom Ulvik fjellstyre, Statnett og Statskog i høve kontrakt. Ved ein eventuell overdraging ynskjer Statnett at både fjellstyre og Statskog skriv under på kontrakten.

Statnett har tatt ein gjennomgang på tilstand på bygget og refererer fyljande:

**Generell beskrivelse:**

Enkel hytte, isolert bindingsverk med utvendig trepanel, isolerglasvindauger med skodder. Saltak med taktekkning av stålplater. Bjelkelagskonstruksjon i golv.

Direkte fundamentering på fjell med open ringmurkonstruksjon.

Lettbetong elementpipe med vedomn.

Ikkje innlagt vatn og avløp. Opplegg for enkelt elektrisk anlegg for tilkopling til aggregat, ikkje i bruk.

Hytte ligg på festa tomt.

**Tilstand:**

Hytta er ikkje vedlikehalde i seinare år, utvendig er den sterkt malingsslitt.

Vinduer har utvendig skodder, men er prega av slitasje.

Taktekking er heil, men med noko mindre skader ved takfot.

Takrenner er truleg tatt av vær og vind, det er berre overliggare som er att.

Inngangsparti er bygd inn med enkel plateløysing for å sikre tilgang til inngangsdør ved store snømengder. Løysinga bær preg av å være provisorisk og bør fjernast og reetablerast.

Innemiljø er prega av manglande reingjering og sterk fuktlukt, det er nødvendig med full nedvasking av heile hytta.

Innvendige himlings- og veggoverflater er generelt i god stand, golvoverflate av belegg har slitasje og manglar nokre stader. Belegg må fjernast og erstattast.

Tilstand for pipe er ukjend, det vert anbefalt utskifting av pipe til elementpipe i stål med tilhøyrande ildstad.

Det er et generelt behov for opprydding utvendig og innvendig.

I tillegg finns det ei sikringsbu som er etablert nær ved hovudhytte.

Tilstanden som for hytte.

**Anbefalt tiltak:**

Prioritet 1: Hytta vert anbefalt avhenda i den tilstand den har i dag dersom Statnett ikke har behov for den.

Prioritet 2: Hytta vert vedlikehalde i.h.h.t. vedlagt tilstandsrapport.

**Kostnadsestimat:**

Prioritet 1: Minimumsløysing for avhending bør være at Statnett vert halde kostnadsfrie for overdragelsen.

Prioritet 2: Kr. 670 000,-

**Framlegg til vedtak:**

Ulvik fjellstyre tek ei synfaring og dokumenterer med bilete tilstanden på hytta. Etter synfaring vert styret informert om tilstand. Det vert på bakgrunn av dette gjort vurderingar om Ulvik fjellstyre ynskjer å overta hytta frå Statnett.

**Vedtak:**

Samrøystes

**Sak 10/19 Vedkomande scooterløyve gjeve av Ulvik herad****Saksutgreiing:**

Ulvik fjellstyre har fått melding om og sjølv registrert at det er stor scooteraktivitet på Finse og i området rundt Finse. Aktiviteten har eskalert dei siste åra, difor ynskjer Ulvik fjellstyre å ta grep for å begrense denne. Ulvik fjellstyre vil peike på at me er usamd i fleire av enkeltløyve som vert gjeven av Ulvik herad til personar som har hytta eller annan tilknytning til Finse.

Det vart for perioden 2015-2019 gjeve 16 ervervsløyve av Ulvik herad, 10 av desse til løyvehavarar på Finse. Ein av desse løyvehavarane er ikkje lenger tilknytt Finse men scooteren er framleis i bruk.

Når det vert søkt om løyve til transport av t.d. ved, møbler og bos med utgangspunkt i Finse og Storurdi meiner Ulvik fjellstyre at det skal nyttast personar med ervervsløyve. I dei aller fleste tilfelle vert ervervsløyve nytta, men det vert og gjeven løyve til personar med eigen (eigne) scooterar. Der det er eit reelt behov må ein begrense tal turar til eit minimum og nytte personar som har ervervsløyve. Eit anna alternativ er å transportere naudsynt utstyr med tog. Dette kan avtalast med Finse 1222 som jamnleg leigar transport til hotellet.

Ulvik fjellstyre er og kjend med at det vert køyrd vaffelrøre fyrst gjennom Finse Biotopvernområdet og vidare gjennom Hallingskarvet Nasjonalpark til Klemsbu. Dette meiner Ulvik fjellstyre ikkje bør være tillate.

Når det no for neste valperiode skal delast ut ervervsløyve for fire nye år må Ulvik fjellstyre verta teken med på råd med det resultat at løyva på Finse og aktiviteten i dette området vert begrensa.

**Framlegg til vedtak:**

Ulvik fjellstyre sender bekymringsmelding til Ulvik herad m.t.p. scootertrafikken på Finse og tilgrensande område, og håpar den dette skrivet at heradet tek kontakt med fjellstyre før det vert skriven ut ervervsløyve for neste valperiode.

**Vedtak:**

Samrøystes